



Innst. S. nr. 98

(2005-2006)

Innstilling til Stortinget frå familie- og kulturkomiteen

St.meld. nr. 7 (2005-2006)

Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om målbruk i offentleg teneste

Til Stortinget

1. SAMANDRAG

1.1 Innleiing

1.1.1 Bakgrunn og hovudbodskap

Bakgrunnen for meldinga er lovføresegna om at Kongen minst kvart fjerde år skal leggja fram ei stortingsmelding om målbruk i offentleg teneste, jf. § 10 i lov av 11. april 1980 nr. 5.

Lov om målbruk i offentleg teneste, mållova, regulerer bruken av nynorsk og bokmål i staten. Lova har som hovudfunksjon å tryggja stillinga for nynorsk som offisielt skriftmål ved sida av bokmål. Indirekte har lova også ein vidare funksjon i å vera med på å sikra grunnlaget for nynorsk skriftkultur og for nynorskens posisjon i det norske språksamfunnet meir allment.

I den politiske plattformen si har Regjeringa peikt på det verdifulle mangfaldet som ligg i det at vi har to norske skriftkulturar. Formelt er nynorsk og bokmål likestilte målformer, men reelt sett har nynorsk vanskelegare vilkår. Regjeringa vil derfor streka under at det frå det offentlege si side er særleg viktig å leggja til rette for at nynorsken skal kunna utvikla seg på ein god måte.

Slik tilrettelegging vil vera ein del av den offensive språkpolitikken som Regjeringa meiner det er nødvendig å føra for å styrkja posisjonen for norsk språk generelt.

Fullnøyande bruk av nynorsk i offentleg forvaltning representerer ei motvekt til dei delane av samfunnet der nynorsken i utgangspunktet er marginalisert. For at nynorsk skal vera godt synleg i det offentlege rommet, står dei kvantitative kvotekrava i mållova heilt sentralt. Særleg viktig i så måte er regelen om at sentrale stats-

organ i allment informasjonstilfang skal veksla mellom nynorsk og bokmål slik at ingen av målformene over tid kjem ut med mindre enn 25 pst. Men dessverre er det likevel enno på langt nær alle statsorgan som etterlever denne regelen. Det har vore liten framgang i nynorskbruken den siste fireårsperioden. På fleire område har utviklinga gått i motsett lei.

Proposisjonar og meldingar til Stortinget svarar for ein stor del av det trykte informasjonstilfanget som departementa lagar.

Meldinga viser at av alt dette var 17,3 pst. på nynorsk, altså nesten åtte prosentpoeng lågare enn det forskriftsfesta minstekravet. Dette er likevel ein auke på tre prosentpoeng frå perioden 1997-2000. Det går fram av meldinga at det er store variasjonar dei enkelte departementa imellom. Berre fire av dei etterlevde minstekravet på 25 pst. i perioden 2001-2004.

Dette gjer det nødvendig å henta fram att det offensive tiltaksprogrammet som vart lagt fram i den førre meldinga, og leggja større innsats og meir ressursar i å følgja dette aktivt opp på gjennomføringssida. Eit særleg viktig punkt i så måte er etableringa av ei konsulentteneste for offentleg språk som ein del av sekretariatet i Språkrådet. Den skriftlege sidemålsopplæringa i skulen må utviklast og styrkjast, ikkje reduserast.

Målbruksreglane er ein del av dei grunnleggjande saksbehandlingspliktene som kviler på kvart enkelt statsorgan.

Regjeringa ventar no at alle statlege leiarar tek på seg det ansvaret dei har, og gir eit klart og utvitydig signal internt i eigen organisasjon om at målbruksreglane heretter skal følgjast til punkt og prikke.

Eit strategisk viktig startpunkt for ei nødvendig intensivering av det statlege måljamstillingsarbeidet er å rydda opp på dei statlege heimesidene på Internett.

Regjeringa har i det politiske grunnlagsdokumentet sitt funne det nødvendig å streka under at offentlege nettstader skal følgja mållova.

Dersom ikkje intensivert innsats og dei andre skiserte tiltaka i denne meldinga gir snarlege og tilfreds-

stillande resultat, vil Regjeringa vurderer om det kan vera tenleg å ta i bruk sanksjonar av meir negativ karakter overfor statsorgan som ikkje viser vilje til å etterleva målbruksreglane.

1.2 Mål og tiltak for arbeidet framover

I målbruksmeldinga frå 2001 varsla regjeringa Bondevik ein ny giv for nynorsk målbruk i staten og skiserte fleire konkrete tiltak.

I denne meldinga er det klart dokumentert at det som har skjedd sidan 2001, knapt kan karakteriserast som nokon ny giv.

Regjeringa vil med denne meldinga gi klar beskjed om at reglane om målbruk i staten skal etterlevast. At dette skjer, er eit ansvar for leiarar på alle nivå, på linje med andre embets- og tenesteplikter. Hovudansvaret kviler på den øvste leiaren i kvart enkelt statsorgan. Med tanke på dei kulturpolitisk svært viktige omsyn mållova skal tena, vil Regjeringa no streka under at det er nødvendig å få orden på måljamstillingsarbeidet internt i eigen organisasjon.

Den sentrale tilsynsfunksjonen er ein nødvendig føresetnad for å få initiert og koordinert den innsatsen som no må gjerast for å rydda opp i det statlege måljamstillingsarbeidet. Derfor er det avgjerande at det blir sett av nødvendige administrative ressursar til å følgja dette opp. Dette gjeld særleg i Språkrådet, som har tilsynsansvaret for alle statsorgan under departementsnivået.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil på si side halda god kontakt med dei andre departementa. Føresetnaden er at alle desse snarast råd får rydda opp i eige hus, slik at dei også kan stå fram som føredøme for dei underliggjande organa sine. Kultur- og kyrkjedepartementet har no ein god dialog med dei fleste andre departementa, og Regjeringa ventar at alle departement legg seg i selen for snarast råd å koma opp i minst 25 pst. nynorsk slik det er fastsett.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil elles ta eit overordna ansvar for å få sett i gang dei tiltak som er nødvendige. Den påbodne rapporteringa til Stortinget som denne meldinga er eit døme på, er i seg sjølv eit viktig verkemiddel i måljamstillingsarbeidet. Det er påtakeleg kor mykje lettare det er å få respons i tilsynsarbeidet når ein kan visa til at tida for den lovpålagde meldinga til Stortinget nærmar seg.

Det er viktig at ein no kjem raskt i gang med eit nødvendig oppryddingsarbeid. Tidsperspektivet må vera så pass nært at det ikkje inviterer til å utsetja initiativ som må takast og tiltak som må gjennomførast. Signalet er at ein må prioritera eit arbeid som tidlegare har vore forsømt. I løpet av eit par år bør ein ha kome så langt at det store fleirtalet av statsorgan kan dokumentera minst 25 pst. nynorsk. I den grad dette ikkje skulle lukkast, vil det måtta vurderast kva for tiltak og justeringar som det elles kan bli nødvendig å setja i verk.

Det aller første Kultur- og kyrkjedepartementet vil ta initiativet til, er å få sett i gang arbeidet med å rydda opp på dei statlege heimesidene på Internett.

Ein del av bodskapen i meldinga frå 2001 var at ein skulle byggja ut det tradisjonelle tilsynsarbeidet med positive støttetiltak slik at dette i mindre grad fekk

karakter av kontrollverksemd. Det var særleg den påtenkte språkkonsulenttenesta ein her hadde i tankane. Målet for arbeidet framover må vera å gjera denne konsulentfunksjonen til ein integrert del av tilsynsarbeidet, slik at nødvendig kontroll og rapportkrav kan kombinerast med tilbod om hjelp og støtte.

Det er elles grunn til å streka under at den statlege språkkonsulenttenesta skal ha eit todelt formål, og at det å fremja språkleg jamstilling berre er det eine av desse.

Det andre formålet vil vera å fremja godt språk i staten anten det er tale om bokmål eller nynorsk.

I den førre meldinga vart det også peikt på at særleg Språkrådet har vanskar med å få inn dei årlege målbruksrapportane i tide. Departementet meiner derfor at tida no er inne til også å ta inn i forskrifta til mållova at statsorgan har plikt til innan ein viss frist kvart år å senda inn rapport om eigen målbruk.

Dersom ikkje intensivert innsats og dei andre skiserte tiltaka i denne meldinga gir snarlege og tilfredsstillande resultat, vil Regjeringa vurderer om det kan vera tenleg å ta i bruk sanksjonar av meir negativ karakter overfor statsorgan som ikkje viser vilje til å etterleva målbruksreglane.

Det har lenge vore uavklart kor langt verkeområdet for mållova strekkjer seg når det gjeld statstilknytte verksemdar som ikkje er ein organisatorisk del av forvaltninga. Departementet vil sjå nærmare på dette spørsmålet og koma tilbake til saka i annan samanheng.

2. MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Gunn Karin Gjøl, Britt Hildeng, Espen Johnsen og Tove Karoline Knutsen, frå Høgre, Olemic Thommessen, frå Sosialistisk Venstreparti, May Hansen, frå Kristeleg Folkeparti, leiaren May-Helen Molvær Grimstad, frå Senterpartiet, Erling Sande, og frå Venstre, Trine Skei Grande, viser til faneparagrafen i mållova der det blir slått fast at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer som skal vere jamstilte skriftspråk i alle organ, for stat, fylkeskommune og kommune. Det er eit språkpolitisk mål at nynorsk skal ha ein trygg posisjon både som eit levande bruksspråk og som eit likeverdig offisielt skriftmål ved sida av bokmål. Fleirtalet vil understreke kor viktig det er å styrke og verne det norske språk generelt, slik at både bokmål og nynorsk kan bestå som kulturspråk og fullverdige bruksspråk i alle delar av samfunnslivet. I fleire samanhengar vil nynorsk vere særleg utsett i så måte, fordi det er den minst utbreidde målforma, og at det av den grunn er meir krevjande å sikre gode rammevilkår.

Fleirtalet vil peike på at staten og det offentlege gjennom sin språkbruk har eit særleg ansvar for å syte for ei god veksling mellom bokmål og nynorsk. Fleirtalet er samd med departementet i at sidemålsopplæringa i skulen er noko av grunnlaget for at ein kan ha ei mållov med plikt for dei tilsette til å bruke både bokmål og nynorsk. Fleirtalet stør målsetjinga

om å utvikle og styrkje sidemålsundervisninga og fleirtalet vil peike på at tilgang til undervisningsmaterieell på b ae m alformer til same tid og til den same prisen er ein viktig f oresetnad for  a sikre elevar eit fritt val av m alform og for rekruttering av spr akkompetanse i det offentlege.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Ulf Erik Knudsen og Karin S. Woldseth, viser til at form alet med m alloven i utgangspunktet er  a verne retten til  a anvende den m alform som faller en naturlig eller som man velger, samt  a hindre at en m alform diskrimineres.

Disse medlemmer st otter retten til valg av m alform, men er imot enhver form for tvang og lovregulering som har til hensikt  a p atvinge den enkelte  a anvende en m alform som ikke er frivillig. Spr ak og m alform b or v are resultatet av en naturlig prosess hvor individ, kultur og samfunn inng ar. Enhver m a kunne velge sitt hovedm al, men ogs a respektere den andre m alformens likeverd og berettigelse.

Disse medlemmer mener det  a ha som m alsetning at en viss prosentandel av "svakeste" m alform skal benyttes i offentlig tjeneste, i dette tilfelle 25 pst., virker rigid, begrensende og byr akratiske. Det synes klart at dette p af orer det offentlige et un odvendig og byr akratiske forsinkende ledd - som reduserer effektiviteten og evnen til  a oppfylle m alsetningene til de respektive etater. I lys av behovet for modernisering og effektivisering av det offentlige b or slike bestemmelser fjernes.

Disse medlemmer mener enhver nordmann har evnen til  a forst a begge m alformer. Dette er spr akets kjerne: kommunikasjon. En levende spr akkultur vokser ikke frem gjennom tvang, kontroll og reguleringer.

Disse medlemmer mener at man i altfor lang tid har satt de to m alformene opp mot hverandre - dette tjener ingen hensikt. Det synes klart at nynorsk skriftkultur har tilf ort den norske kulturarv verdifulle skatter, men det har v ert i form av enkeltmenneskers engasjement og ikke statlig overstyring. Det er ikke tall og prosentandeler som avgj or spr akets levedyktighet, men menneskene som frivillig anvender det.

Disse medlemmer fremmer f olgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen stille i bero de foresl atte innskjerpinger som har til hensikt  a ytterligere styre valg av m alform i statlige organ. Stortinget legger til grunn at man ikke setter i verk tiltak som har til hensikt  a  oke omfanget av en m alform ved hjelp av lovreguleringer, og som s oker  a  oke omfanget og virkeomr adet til gjeldende m allov."

"Stortinget ber Regjeringen legge til rette for at tjenestemenn i statlige organ skal kunne benytte den m alform som faller dem naturlig. Henvendelse til en etat p a bokm al kan besvares p a nynorsk hvis det er tjenestemannens m alform og vice versa."

"Stortinget ber Regjeringen legge til grunn at statlige selskap som har skiftet driftsform, fortrinnsvis til aksjeselskap - men ogs a andre foretak slik som helse-

foretak, skal v are unntatt reguleringer og forskrifter som omfatter statlige organer i m alloven."

"Stortinget ber Regjeringen fremme sak for Stortinget om en revisjon av m alloven slik at den er i samsvar med realistiske spr aklige forutsetninger og at den faktiske anvendelse av m alform i den norske befolkningen legges til grunn for lovens form al og gjennomf oring."

Komiteens medlem fra H oyre mener det er viktig at offentlig sektor besitter kompetanse til  a skrive brev, forfatte skriv, og skrive utredninger i begge m alformer. Dette medlem mener imidlertid at s a vel hensynet til rekruttering av kompetent arbeidskraft, som integrering av arbeidskraft fra fremmede kulturer, tilsier at den enkelte arbeidstager m a ha rett til  a benytte den m alformen vedkommende selv behersker best i sitt arbeid. Dette medlem mener derfor m alovens bestemmelser om krav til at alle ansatte skal beherske begge m alformer skriftlig b or utredes n ermere med sikte p a en oppmykning. Dette medlem ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med en sak om dette.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og H oyre fremmer f olgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen legge frem en sak for Stortinget med henblikk p a en oppmykning av m alovens krav om at den enkelte arbeidstaker skal beherske begge m alformer."

2.1 Rapport om statleg m albruk 2001-2004

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemmene fra Fremskrittspartiet, viser til meldinga n ar det gjeld omtale av rapportering av m albruk i sentralt informasjonstilfang i departementa og i andre sentrale statsorgan. Fleirtalet meiner meldinga gir god og grundig omtale av m albruken i offentlig teneste og deler departementet si vurdering av utfordringane p a dette feltet.

2.2 M al og tiltak for arbeidet framover

Fleirtalet st otter dei m al og tiltak som vert omtalt i meldinga, og som mellom anna inneber eit sterkare s okjelys p a leiaransvaret, utbygging av spr akkonsulenttenesta og avsetting av naudsynte ressursar til den sentrale tilsynsfunksjonen.

Fleirtalet vil streke under at oppf olging av reglane i m allova er eit ansvar for leiarar p a alle niv a i staten, p a linje med andre embets- og tenesteplikter.

Fleirtalet er s arskilt n ogd med dei tydelege signala om at ein no skal prioritere arbeidet med oppf olging av m allova sterkare. Kultur- og kyrkjedepartementet varslar at i l opet av eit par  ar b or det store fleirtalet av statsorgan kunne dokumentere minst 25 pst. nynorsk. Fleirtalet st otter dette m alet.

Fleirtalet er vidare samd i departementet si prioritering av arbeidet med  a rydde opp p a dei statlege heimesidene p a Internett, der mykje tyder p a at det er enda d arlegare stelt med m aljamstillinga enn elles.

Fleirtalet er tilfreds med at departementet no ønskjer å forskriftsfeste interne instruksar i alle statsorgan for korleis mållova skal oppfyllest. Fleirtalet er også positiv til departementet sitt framlegg om å ta inn i forskrifta til mållova at statsorgan har plikt til innan ein viss frist kvart år å sende inn rapport om eigen målbruk. I dag går det bort unødige mykje tid og ressursar på å purre opp dei organa som forsømer seg.

Statstilknytte verksemdar som ikkje er ein organisatorisk del av forvaltninga, har eit uavklara forhold til mållova. Fleirtalet ser behovet for ei slik avklaring, og er glad for at departementet varslar at dei vil sjå nærare på dette spørsmålet.

Fleirtalet vil vidare peike på at tekst på skilt er viktige symbol som verkar haldningsskapande og som synleggjer at vi i Noreg har to jamstilte skriftspråk. Fleirtalet meiner at offentleg sektor har eit stort rom for betring når det gjeld skilting av statlege etatar på både målformer.

Eit anna fleirtal, alle unnateke medlemene frå Fremskrittspartiet og Høgre, er uroa over utviklinga i målbruken i offentleg teneste. Til tross for ein viss auke i nynorskbruken i proposisjonar og meldingar til Stortinget og elles nokre enkeltstående lyspunkt blant statsorgan under departementa, har den gjennomgåande tendensen sidan 2001 vore stillstand og til og med tilbakegang på fleire område.

Dette fleirtalet er samd med Regjeringa i at dei mangelfulle resultatene viser at det no er naudsynt å ta fram att dei offensive tiltaka som vart skissert i den førre meldinga. For å lukkast betre med desse tiltaka framover, meiner dette fleirtalet det må leggast inn meir ressursar i det sentrale tilsynsarbeidet og meir arbeid i aktiv oppfølging på gjennomføringssida.

Dette fleirtalet støtter prioriteringa av auka innsats og dei positive tiltaka som vert varsla i meldinga. Dersom dette ikkje skulle gi snarlege og tilfredsstillande resultat, meiner dette fleirtalet det kan vere tenleg å ta i bruk sanksjonar av meir negativ karakter overfor statsorgan som ikkje viser vilje til å etterleve målbruksreglane.

2.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Fremskrittspartiet, viser til at dei økonomiske konsekvensane av denne meldinga avgrensar seg til den vidare oppbygginga av den statlege språkkonsulenttenesta. Dette tiltaket er tidlegare kostnadsrekna til 3 mill. kroner. Fleirtalet viser til at tiltaket er fylgt opp eit stykke på veg, med ei løyving på vel 1 mill. kroner i statsbudsjettet for 2006.

3. FORSLAG FRÅ MINDRETAL

Forslag frå Fremskrittspartiet og Høgre:

Forslag 1

Stortinget ber Regjeringa legge frem en sak for Stortinget med henblikk på en oppmykning av mållovens krav om at den enkelte arbeidstaker skal beherske begge målformer.

Forslag frå Fremskrittspartiet:

Forslag 2

Stortinget ber Regjeringa stille i bero de foreslåtte innskjerpingar som har til hensikt å ytterligere styre valg av målform i statlige organ. Stortinget legger til grunn at man ikke setter i verk tiltak som har til hensikt å øke omfanget av en målform ved hjelp av lovreguleringer, og som søker å øke omfanget og virkeområdet til gjeldende mållov.

Forslag 3

Stortinget ber Regjeringa legge til rette for at tjenestemenn i statlige organ skal kunne benytte den målform som faller dem naturlig. Henvendelse til en etat på bokmål kan besvares på nynorsk hvis det er tjenestemannens målform og vice versa.

Forslag 4

Stortinget ber Regjeringa legge til grunn at statlige selskap som har skiftet driftsform, fortrinnsvis til aksjeselskap - men også andre foretak slik som helseforetak, skal være unntatt reguleringer og forskrifter som omfatter statlige organer i målloven.

Forslag 5

Stortinget ber Regjeringa fremme sak for Stortinget om en revisjon av målloven slik at den er i samsvar med realistiske språklige forutsetninger og at den faktiske anvendelse av målform i den norske befolkningen legges til grunn for lovens formål og gjennomføring.

4. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til meldinga og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

St.meld. nr. 7 (2005-2006) - om målbruk i offentleg teneste - vert å leggja ved protokollen.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 16. februar 2006

May-Helen Molvær Grimstad
leiar

Erling Sande
ordførar